



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Fylkeshuset, møterom Firda
Møtedato	25.09.2018
Kl.	13:05 – 15:20

Faste medlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Hilmar Høl, Ap
Torbjørn Vereide, Ap (perm. under handsaming av sak 49/18 og 50/18)
Jakob Andre Sandal, SV
Jon Olav Kvamme, KrF
Marita Aarvik, Frp

Forfall til møtet:

Anne Lilleaasen, H

Varamedlemmer til stades:

Arve Mjømen, H

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar og Hilmar Høl til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orienteringar frå administrasjonen:

- Budsjett 2019 og vurderingar kring økonomiske disposisjonar
- Arbeidet med fylkeskulturprisen
Utvalet drøfta å gradere HNK-saka (§26), men vedtok at hovudutvalssaka skal vere offentleg som før.
- Kort om omsøkt oppdrettsanlegg ved Kverhella i Solund
- Forvaltningsrevisjon reiseliv
- Kort om regelverket for offentleg støtte/statsstøtteregelverket
- FU-sak om utkast til avtale for overtaking av fiskerihamner

**SAK 45/18 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur
25.09.2018**

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

1. Fylkeskommunen si rolle i viltforvaltninga
2. Innkome høyringar innan viltforvaltning og dyrevelferd
3. Svar - Søknad om økonomisk støtte til oppdatering av "Verdiskapingsrapport for landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane
4. Svar - Søknad om tilskot - Prosjekt: Kartlegging av skog- og treforedlingsbedrifter i Sogn og Fjordane
5. Tilskotsbrev – investering i utstyr i øvingsfabrikk
6. Sitep AS, tilskot til investering i utstyr til øvingsfabrikk/teknologisenter
7. Reviderte differensierte tilskotsmodeller innanfor næringshage- og inkubasjonsprogramma
7a. Informasjon om differensiering Sogn og Fjordane fylkeskommune
8. Svar - Søknad om støtte til fiskeri- og havbrukskonferanse i Måløy 18. September
9. Om det vidare vassforvaltningsarbeidet
10. EU-prosjektet SPARSE (DKS)
11. Halvårsrapport, IN verkemiddel, Sogn og Fjordane
12. Notat om statsstøtte
13. Folkebibliotekstatistikken 2017
14. Svar - Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018 - Prosjekt: Søknad om støtte til utvikling av verdikjede for viltkjøt
15. Rapportering Vestnorsk filmsenter 2017
15a. Årsmelding 2017
16. Ang. Festspillene i Bergen og tilskotsordning
17. Vedtekstsendingar Norsk Countrytreff av 23.05.18. - uttale Sogn og Fjordane fylkeskommune
18. Fakta om NORA
19. Svar - Førespurnad om medfinansiering av forskingsprosjekt "Alternative dreneringsmåtar på oppdyrka myr"
20. Kommunesektorens rolle i nasjonal kulturpolitikk - KS-rapport
21. Travel like the locals - notat til hovudutval for næring og kultur og hovudutval for samferdsle
22. Treng vi norsk? Ein konferanse om framtida for det norske språket, 1. november i Førde
23. Kommunearkivordninga
23a. Notat – Val av organisasjonsform for interkommunal arkivordning

SAK 46/18 Regional plan for kultur 2019-2027, Kultur for alle

VEDTAK:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre i vedlegg 1.

SAK 47/18 Tertilrapport 2/2018

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018

- 1 Statlege overføringar vert auke med 31,388 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 2 Lokale inntekter vert auka med 6,000 mill. kr.
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 1,217 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 0,600 mill. kr
- 5 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 25,288 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 18,272 mill. kr i tråd med vedlegg 2. Avsetting til disposisjonsfond vert auka med 7,016 mill. kr*
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 5,770 mill. kr med slik fordeling:
*Teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning vert auka med 1,270 mill. kr.
Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 3,500 mill. kr
Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr*
- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 4,377 mill. kr med slik fordeling:
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 2,990 mill. kr
Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 0,570 mill. kr
Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 3,430 mill. kr
Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 2,100 mill. kr
Teneste 5152 Eleveksamen vert auka med 0,600 mill. kr
Teneste 5200 Pedagogisk leining mv vert auka med 1,330 mill. kr
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 4,100 mill. kr
Teneste 5540 Fagskuleutdanning vert redusert med 0,150 mill. kr
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 2,500 mill. kr
Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,600 mill. kr
Teneste 5903 Karriererettleing vert redusert med 0,207 mill. kr*
- 8 Innanfor sektorbudsjettet til samferdsle vert det gjort følgjande omdisponeringar:
*Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert redusert med 1,700 mill. kr
Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 4,500 mill. kr
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,700 mill. kr
Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 1,900 mill. kr
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 1,700 mill. kr
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,900 mill. kr*
- 9 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,440 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert avsett på disposisjonsfond og nytta til breibandsatsing i 2019.
- 10 Teneste 7750 Idrett vert redusert med 16,000 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.

- 11 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 5,224 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 3 Inntekter frå sal av aksjar vert auka med 0,135 mill. kr. Inntekta vert avsett til kapitalfondet.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

Endringsframlegg:

Arve Mjømen, H sette fram slikt framlegg til eit pkt. D:

Nemnde utbetalingar frå Havbruksfondet for 2018 vert sett på disposisjonsfond og førebels øyremerka infrastrukturtiltak til havbruksnæringa, og kjøp av og drift av nytt opplæringsfartøy.

Avrøysting:

Framlegg frå Arve Mjømen fekk 1 røyst og fall.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018

- 1 Statlege overføringar vert auke med 31,388 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 2 Lokale inntekter vert auka med 6,000 mill. kr.
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 1,217 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 0,600 mill. kr
- 5 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 25,288 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 18,272 mill. kr i tråd med vedlegg 2. Avsetting til disposisjonsfond vert auka med 7,016 mill. kr*
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 5,770 mill. kr med slik fordeling:
*Teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning vert auka med 1,270 mill. kr.
Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 3,500 mill. kr
Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr*
- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 4,377 mill. kr med slik fordeling:
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 2,990 mill. kr
Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 0,570 mill. kr
Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 3,430 mill. kr
Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 2,100 mill. kr
Teneste 5152 Eleveksamen vert auka med 0,600 mill. kr
Teneste 5200 Pedagogisk leing mv vert auka med 1,330 mill. kr*

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 4,100 mill. kr
Teneste 5540 Fagskuleutdanning vert redusert med 0,150 mill. kr
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 2,500 mill. kr
Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,600 mill. kr
Teneste 5903 Karrierettleiing vert redusert med 0,207 mill. kr

8 Innanfor sektorbudsjettet til samferdsle vert det gjort følgjande omdisponeringar:

Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert redusert med 1,700 mill. kr
Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 4,500 mill. kr
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,700 mill. kr
Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 1,900 mill. kr
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 1,700 mill. kr
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,900 mill. kr

9 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,440 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert avsett på disposisjonsfond og nytta til breibandsatsing i 2019.

10 Teneste 7750 Idrett vert redusert med 16,000 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.

11 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 5,224 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 3 Inntekter frå sal av aksjar vert auka med 0,135 mill. kr. Inntekta vert avsett til kapitalfondet.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

SAK 48/18 Budsjett 2019 / Økonomiplan 2020-2022 - næring og kultur

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur gjer slike førebelse prioriteringar:

Programområde 400 – Politisk styring					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
4005 – Hovudutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850

Sum	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850
-----	-------	-------	-------	-------	-------

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7010 – Bedriftsretta satsingar	27,600	27,600	27,600	27,600	27,600
7011 – Kommunikasjonsteknologi	3,000	1,740	1,740	1,740	1,740
7012 – Bransjeretta satsingar	8,410	8,490	8,570	8,570	8,570
7015 – Nyskaping	24,009	20,522	20,442	20,442	20,442
7018 – Kunnskap	3,393	1,800	1,800	1,800	1,800
7019 – Andre næringsområde	2,659	2,659	2,659	2,659	2,659
7019 – Kontorbudsjett	10,622	10,366	10,366	10,366	10,366
Sum	79,693	73,177	73,177	73,177	73,177

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,919	0,919	0,919	0,919	0,919
Sum	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019

PROGRAMOMRÅDE 740 – 790 - Kultur					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7400 – Bibliotek	5,766	5,766	5,766	5,766	5,766
7500 – Kulturminnevern	6,856	6,556	6,556	6,556	6,556
7600 – Museum	16,225	16,225	16,225	16,225	16,225
7710 – Kunstformidling	4,890	4,945	4,945	4,945	4,945
7720 – Kunstproduksjon	12,162	12,162	12,162	12,162	12,162
7750 – Fysisk aktivitet og idrett	17,565	1,565	1,565	1,565	1,565
7900 – Andre kulturaktivitetar	5,046	5,046	5,046	5,046	5,046
7500 – Kulturminnevern kontorbudsjett	6,114	6,114	6,114	6,114	6,114
7710 – Kunstformidling kontorbudsjett	5,620	5,565	5,565	5,565	5,565
7750 – Fysisk aktivitet og idrett kontorbudsjett	1,249	1,249	1,249	1,249	1,249
7900 – Andre kulturaktivitetar kontorbudsjett	3,102	3,102	3,102	3,102	3,102
Sum	84,595	68,295	68,295	68,295	68,295

PROGRAMOMRÅDE 480 - DIVERSE FELLESGIFTER (FOLKEHELSE)					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2021

Møtebok Hovudutval for næring og kultur 25.09.2018

Folkehelse - drift av partnerskapen	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Folkehelseprogrammet	1,460	1,460	1,460	1,460	1,460
Folkehelse - kontorbudsjett	0,895	0,895	0,895	0,895	0,895
Sum	2,455	2,455	2,455	2,455	2,455

Vi har inkludert kontorbudsjett i tabellane for å vise fordelinga av den totale ramma. Lønsauke for 2018 og justering for prisvekst vert lagt på etter tertial 2/18.

2. Etablering av Måløy Marine ressurscenter vil vere positiv for det marine næringslivet i fylket, men prosjektet må forankrast gjennom ei monaleg større finansiering frå næringslivet. Sektoren disponerer ikkje midlar i den storleiken det er søkt om, og søknaden må handsamast i det samla budsjettarbeidet til fylkeskommunen. Søknaden må også vurderast opp mot gjeldande regelverk.
3. Hovudutval for næring og kultur stiller seg positive til eit omdøme prosjekt for fylket, men saka må handsamast når vi får endeleg søknad. Eit tilskot som skissert vil vere utfordrande for sektoren å få til, og søknaden bør også sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet for fylkeskommunen.
4. Hovudutval for næring og kultur ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne typen tiltak. Våre verkemiddel er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at
 - a. Søknad frå Jølster kommune om fylkeskommunalt tilskot til fotballhall på Skei vert ikkje imøtekommen.
 - b. Søknad frå Jølster skisenter om fylkeskommunalt tilskot til alpinanlegg i Bjørkelia vert ikkje imøtekommen.
 - c. Søknad frå Skavøypoll idrettslag om fylkeskommunalt tilskot til turnhall i Vågsøy vert ikkje imøtekommen.
5. Hovudutval for næring og kultur har registrert søknad frå Måløyraid Senteret til bygging av «Lingehallen». Fylkeskommunen har ikkje sett av midlar i sitt budsjett til denne typen tiltak. Hovudutvalet disponerer ikkje midlar i den storleik det blir søkt om. Søknaden vert ikkje imøtekommen.
6. Innspel frå kulturinstitusjonane om utbyggingsprosjekt vert tekne til vitande.
7. Det vert ikkje gjort endringar i målekarta for 2019.

Utvalet vurderte gildskap for Jakob Andre Sandal. Utvalet vurderte Sandal som ugild under avrøysting av pkt 4.

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren endra tilrådinga si under punkt 2 slik:

Etablering av Måløy Marine ressurscenter vil vere positivt for det marine næringslivet i fylket, men prosjektet må forankrast gjennom ei monaleg større finansiering frå næringslivet. Sektoren disponerer ikkje midlar i den storleiken det er søkt om, og heller ikkje i økonomiplan 2019-2022 er det midlar til dette. Før søknaden kan vurderast nærare må det jobbast vidare med naudsynte avklaringar kring statstøtteregelverket.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til eit nytt pkt 4:

Hovudutval for næring og kultur ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne type tiltak, og utvalet har ikkje rom for å imøtekomme søknadane innan sektorbudsjettet. Nærings- og Kulturavdelinga sine verkemiddel på kulturområdet er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at utvalet ikkje kan imøtekomme søknadane frå Jølster kommune om fotballhall, Jølster skisenter om

alpinanlegg i Bjørkelia, og Skavøypoll idrettslag om turnhall i Vågsøy. Utvalet meiner søknadane i denne omgang må sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet i fylkeskommunen.

Avrøysting:

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå fylkesdirektøren og endringsframlegget frå Senterpartiet. Aarvik og Mjømen røysta for tilrådinga frå fylkesdirektøren. Hjelmeseter, Herstad, Heen, Høl, Vereide og Kvamme røysta for endringsframlegget frå Senterpartiet som dermed vart vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteke endringsframlegg pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur gjer slike førebelse prioriteringar:

Programområde 400 – Politisk styring					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
4005 – Hovudutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850
Sum	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLEVET					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7010 – Bedriftsretta satsingar	27,600	27,600	27,600	27,600	27,600
7011 – Kommunikasjonsteknologi	3,000	1,740	1,740	1,740	1,740
7012 – Bransjeretta satsingar	8,410	8,490	8,570	8,570	8,570
7015 – Nyskaping	24,009	20,522	20,442	20,442	20,442
7018 – Kunnskap	3,393	1,800	1,800	1,800	1,800
7019 – Andre næringsområde	2,659	2,659	2,659	2,659	2,659
7019 – Kontorbudsjett	10,622	10,366	10,366	10,366	10,366
Sum	79,693	73,177	73,177	73,177	73,177

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,919	0,919	0,919	0,919	0,919
Sum	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019

PROGRAMOMRÅDE 740 – 790 - Kultur					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7400 – Bibliotek	5,766	5,766	5,766	5,766	5,766
7500 – Kulturminnevern	6,856	6,556	6,556	6,556	6,556
7600 – Museum	16,225	16,225	16,225	16,225	16,225

7710 – Kunstformidling	4,890	4,945	4,945	4,945	4,945
7720 – Kunstproduksjon	12,162	12,162	12,162	12,162	12,162
7750 – Fysisk aktivitet og idrett	17,565	1,565	1,565	1,565	1,565
7900 – Andre kulturaktivitetar	5,046	5,046	5,046	5,046	5,046
7500 – Kulturminnevern kontorbudsjett	6,114	6,114	6,114	6,114	6,114
7710 – Kunstformidling kontorbudsjett	5,620	5,565	5,565	5,565	5,565
7750 – Fysisk aktivitet og idrett kontorbudsjett	1,249	1,249	1,249	1,249	1,249
7900 – Andre kulturaktivitetar kontorbudsjett	3,102	3,102	3,102	3,102	3,102
Sum	84,595	68,295	68,295	68,295	68,295

PROGRAMOMRÅDE 480 - DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2021
Folkehelse - drift av partnerskapen	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Folkehelseprogrammet	1,460	1,460	1,460	1,460	1,460
Folkehelse - kontorbudsjett	0,895	0,895	0,895	0,895	0,895
Sum	2,455	2,455	2,455	2,455	2,455

Vi har inkludert kontorbudsjett i tabellane for å vise fordelinga av den totale ramma. Lønsauke for 2018 og justering for prisvekst vert lagt på etter tertial 2/18.

- Etablering av Måløy Marine ressurscenter vil vere positivt for det marine næringslivet i fylket, men prosjektet må forankrast gjennom ei monaleg større finansiering frå næringslivet. Sektoren disponerer ikkje midlar i den storleiken det er søkt om, og heller ikkje i økonomiplan 2019-2022 er det midlar til dette. Før søknaden kan vurderast nærare må det jobbast vidare med naudsynte avklaringar kring statstøtteregelverket.
- Hovudutval for næring og kultur stiller seg positive til eit omdøme prosjekt for fylket, men saka må handsamast når vi får endeleg søknad. Eit tilskot som skissert vil vere utfordrande for sektoren å få til, og søknaden bør også sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet for fylkeskommunen.
- Hovudutval for næring og kultur ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne type tiltak, og utvalet har ikkje rom for å imøtekomme søknadane innan sektorbudsjettet. Nærings- og kulturavdelinga sine verkemiddel på kulturområdet er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at utvalet ikkje kan imøtekomme søknadane frå Jølster kommune om fotballhall, Jølster skisenter om alpinanlegg i Bjørkelia, og Skavøypoll idrettslag om turnhall i Vågsøy. Utvalet meiner søknadane i denne omgang må sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet i fylkeskommunen.
- Hovudutval for næring og kultur har registrert søknad frå Måløyraid Senteret til bygging av «Lingehallen». Fylkeskommunen har ikkje sett av midlar i sitt budsjett til denne typen tiltak. Hovudutvalet disponerer ikkje midlar i den storleik det blir søkt om. Søknaden vert ikkje imøtekommen.
- Innspel frå kulturinstitusjonane om utbyggingsprosjekt vert tekne til vitande.
- Det vert ikkje gjort endringar i målekarta for 2019.

SAK 49/18 Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 3

VEDTAK:

1. TINE SA får kr 99 500 til å gjennomføre kurs i pensjon og eigarskifte for bønder.
2. TINE SA får kr 99 500 til å gjennomføre kurs knytt til avlingstap på grunn av beitande hjort.
3. Hordaland fylkeskommune får 300 000 kr til prosjektet «Travel like the locals».
4. Det vert sett av kr 580 000 til finansiering av forprosjekt Fjordane Virtuelle Campus. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele dei avsette midlane.
5. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får 1 500 000 kr til inkubator-tilbod for 2018.
6. Det vert løyvd 612 000 kr samla for heile treårsperioden 2019-2021 til å finansiere stillinga til Noregs Forskningsråd sin representant i fylket.
7. Fjordkysten Friluftsråd får 150 000 kr for 2018. I denne summen ligg eit driftstilskot på 100 000 kr, samt eit eingongstilskot for to nye medlemskommunar. Tilskotet er avhengig av at Vågsøy vert teken opp som medlem som skissert i søknad.
8. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskota til TINE SA vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7012 i budsjett 2018, bransjeretta satsingar, midlar avsett til landbruk.
 - b. Tilskotet til Hordaland fylkeskommune vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7090 i budsjett 2018, andre næringsområde.
 - c. Tilskotet til samarbeidande bedrifter ved Segel AS vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7018 i budsjett 2018, kunnskap.
 - d. Tilskotet til Kunnskapsparken vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7015 i budsjett 2018, nyskaping.
 - e. Midlane til stilling i Forskningsrådet vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7015 i budsjett 2018, nyskaping.
 - f. Tilskotet til Fjordkysten Friluftsråd vert dekkja med midlar til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.

SAK 50/18 Tilskot til fartøyvern 2018 - fylkeskommunalt tilskot.

VEDTAK:

1. Fylkeskommunale midlar til fartøyvern i Sogn og Fjordane, saman med tilskot frå Riksantikvaren vert fordelt slik i 2018:

1	SS Svanhild LIPQ	Kr 150 000
2	MS Atløy LFND	Kr 150 000
3	MS Haugefisk LGNG	Kr 50 000
4	DS Stavenes LEMA	Kr 50 000
6	MF Hardingen SR LGED	Kr 150 000
7	MS Nybakk JXPH	Kr 50 000
	Sum	Kr 600 000

2. Tildelinga vert gjort med atterhald om at tilskotet frå Riksantikvaren på kr 300 000 vert utbetalt etter føresetnadane.
-